



Eldstemann blant jubilarane var Nils Vågen frå Skorpo, som har runda 85. Her tek han avskil med sokneprest Svein Harald Nilsen og soknerådsleiar Audun Eik etter gudstenesta. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Konfirmantjubleet var ein innertiar som soknerådet forener all mogleg ros for!
Det seier 50-årsjubilar Arne Terje Haugland til uskedalen.no etter markeringa i helga.**

Opplegget blir sterkt berømt av han og dei andre deltakarane. For første gong gjekk arrangementet over to dagar og rundt regna 30 av dei 58 inviterte var med. Truleg har soknerådet funne fram til eit heldig opplegg med sams jubileum for seks kull.



Mange minner kom fram då konfirmantane var på plass i kyrkja att...
(Foto: Ola Matti Mathisen)



Desse var konfirmantar i Uskedalen i 1957: Første rad frå venstre: Anne-Brith

Det var 96 konfirmantar i dei seks kulla, med denne fordelinga: 19 i 1936, 20 i 1937, seks i 1946, 21 i 1947, 16 i 1956 og 14 i 1957.

Bringedal Clementsen, Inger Olsen
Moberg, Liv Solfrid Ljosnes, Oddlaug
Myklebust og Solveig Haugland Olsson.
Andre rad frå venstre: Ingolf Musland,
Mikkel Johan Myhre, prest Svein
Medhus, Nils Magnus Raudstein, Sigurd
Haugland og Arne Terje Haugland.
Tredje rad frå venstre: Jan Henrik
Hansen, Arne Birger Eik og Sverre
Myklebust. Amund Myklebust var ikke til
stades,

Markeringa byrja med ei kulturell "vandring" laurdag, som er omtala på annan plass. Og det heldt fram med gudsteneste sundag der jubilarane fekk møta den nye soknepresten Svein Harald Nilsen. Han hadde si første preike i Uskedalen kyrkje denne dagen og fekk ei spesiell velkomsthelsing av soknerådsleiar og primus motor for konfirmantjubileet Audun Eik. Nympresten hadde også eit innlegg om konfirmasjon under det festlege samværet på Solheim Turistasjon etterpå. Sokneprest Nilsen har gjort ein stor innsats med trusopplæring der han har vore før og til våren skal han ha konfirmasjon også her.

På Solheim var det ikkje berre overdådig servering og innlegg ved presten, det var naturleg nok også ei mimrestund der mange gode minner vart utveksla. Bilete av konfirmantkulla vart presenterte og konfirmantane var overraskande flinke til å kjenne att kvarandre sjølv om mange år har gått.

Eit minne som gjorde inntrykk var eit som 1956-konfirmantane hadde:

Ei tid før konfirmasjonen hadde biskop Ragnvald Indrebø visitasgudsteneste i Uskedalen og då stilte dei opp på kyrkjegolvet for å svara på spørsmål.

Då svara konfirmant in spe Kåre Magnus Rød så godt for seg at biskopen gret og heile "overhøyringa" var stoppa, vart det fortald på Solheim.

Det er grunn til å tru at det var prost Aksel Mjøs som gret og ikkje biskopen, utan at det spelar så stor rolle.

Men kva var det så den kjente uskedaling eigentleg svara? Sjølv hugsar han korkje spørsmålet eller svaret, men ein klassekamerat meiner svaret var : "Jesu hjarta brast"!

Ein annan som hugsar godt og som ga sine medkonfirmantar eit prov på det på Solheim var Edvin Kjærland.

Han fortalde særleg frå krigstida, då ikkje berre beslaglagte radioapparat vart oppbevara på skulehuslemen. Der låg det også andre ting som vart henta ned.

Ein dag hadde dei som gjorde det glømt stegen, men elevane plukka han diskret ned og fekk plassert han under kyrkja der han hørte heime.

Av Ola Matti Mathisen